

Telerevisjon AS

Til generalforsamlinga i
Kulturlandskapscenteret i Telemark AS

Revisjonsmelding for 2007


Vi har revidert årsrekneskapen for Kulturlandskapscenteret i Telemark AS for rekneskapsåret 2007 som syner eit underskot på kr 65 159 for selskapet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvissande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter

Telerevisjon AS
Seljord, 29.04.2008


Kristian Espeland
Registrert revisor

Medlem av: Den norske Revisorforening

Postboks 119
3835 Seljord
Telefon 35 06 44 88
Telefaks 35 05 09 60

Drammensveien 126
0277 Oslo
Telefon 23 13 11 94
Telefaks 23 13 11 98

Sam Eydes gate 93
3660 Rjukan
Telefon 35 09 22 99
Telefaks 35 09 20 53